

---

Saknr: 2020/43381-80  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		13.05.2020

Eventuell omprioritering av budsjetttramma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21.

Forslag til vedtak

Utvalet tek til etterretning at det ikkje er økonomisk handlingsrom i sektoren til å utvide klassetalet slik det vart skissert i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 2.

## Samandrag

Opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 vert oppretthalde slik det vart fatta vedtak om i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 1. Vedtakspunkt 3-8 vert også vidareført.

Hovudutval for opplæring og kompetanse fatta 20.04.2020, i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 2, vedtak om at dei ønskja å auke talet på klassar etter innspel frå næringsliv og andre. Fordi det ikkje var rom for auken innanfor eigen budsjetttramme, vart saka sendt vidare til fylkesutvalet, med spørsmål om å få auka budsjetttramma. Fylkesutvalet fatta i sak PS 79/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» 30. april 2020 følgjande vedtak: «Saka blir sendt tilbake til utvalet for ny behandling. Fylkesutvalet ber administrasjonen lage eit tilleggsnotat der dei viser kva økonomisk handlingsrom det er innanfor sektorbudsjettet for å få til vedtaket»

Den samla økonomiske situasjonen gjer til at fylkesdirektøren ikkje finn rom for å gjere omprioriteringar i sektoren for å utvide klassetalet. Vidare meiner fylkesdirektøren at opplæringstilbodet som er vedteke i PS-sak 15/20 punkt 1, sikrar retten søkjarane har til eitt av tre søkte tilbod.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Birthe Haugen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse fatta 20.04.2020, i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 1, vedtak om justeringar i opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 basert på tilbudsstrukturen slik det vart vedteke utlyst i sak PS 11/19 «Opplæringstilbodet for skuleåret 2020-21».

Fylkesdirektøren legg til grunn at opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 vert oppretthalde slik det vart fatta vedtak om i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 1 og vedtakspunkt 3-8.

I vedtakets punkt 2 fremja hovudutvalet eit ønskje om å auke talet på grupper etter innspel frå næringsliv og andre. Fordi det ikkje var rom for auken innanfor eigen budsjettramme, vart saka sendt vidare til fylkesutvalet med spørsmål om å få auka budsjettramma.

Auken skulle nyttast til å opprette følgjande klassar:

- 1 vg1 Studiespesialiserande ved Bømlø vgs
- 1 vg1 Studiespesialiserande ved Austevoll vgs
- ½ klasse Vg1 studiespesialiserande og ½ klasse Vg1 Idrett ved Firda vgs
- 1 klasse Vg1 Elektro ved Eid vgs
- 1 klasse Vg1 Elektro ved Flora vgs

Fylkesutvalet vedtok i sak PS 79/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» 30 april 2020: «Saka blir sendt tilbake til utvalet for ny behandling. Fylkesutvalet ber administrasjonen lage eit tilleggsnotat der dei viser kva økonomisk handlingsrom det er innanfor sektorbudsjettet for å få til vedtaket»

Framlegget til utviding av klassetalet har ein årskostnad på om lag 8,5 mill.kr. Kostnaden i 2020 vil vere om lag 3,8 mill. kr. Opplæringssektoren har ein vanskeleg økonomisk situasjon. Økonomiske analyser gjennomført i april syner at det kan verte eit stort meirforbruk i sektoren i 2020. Hovudårsaka er eit stipulert meirforbruk på lærlingtilskott og vg3 i skule på mellom 45 og 50 mill. kr.

Meirforbruket skuldast mellom anna;

- innføring av fagbrev på jobb - sjå sak PS 12/20 «Fagbrev på jobb» handsama i hovudutval for opplæring og kompetanse 10. mars og sak PS 45/2020 «Fagbrev på jobb» handsama i fylkesutvalet 14. mars
- underbudsjettert vekst i talet på lærekontraktar
- underkompensert prisvekst frå tidlegare år

Tal for rekneskapan for 2019 syner eit meirforbruk kr på lærlingtilskott og vg3 i skule på til saman om lag 50 mill. kr. i Hordaland og Sogn og fjordane fylkeskommunar.

Med atterhald av eventuelle konsekvensar av Koronapandemien med omsyn til tal løpande lærekontraktar, meiner fylkesdirektøren at det er grunn til å tru at dei økonomiske analysane gjev eit korrekt bilete av stoda.

Under budsjetthandsaminga i desember 2019 vedtok fylkestinget i sak PS 14/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 mellom anna ein reduksjon i ramma til opplæringssektoren på 6 mill. kr. for gjenstående effekt av skulebruksplan/reduksjon i påbyggklassar. Fylkesrådmannen varsla om at denne reduksjonen ville vere særdeles krevjande å realisere utan å rasere påbyggstilbodet. Søkjartala til påbygg er høge og dersom denne effekten skulle vore henta ut no, ville mange søkjarar blitt ståande utan skuleplass og/eller eit ytterlegare press på læreplassar. Situasjonen den siste tida vil truleg forsterke behovet for å oppretthalde eit tilbod på Vg3. Reduksjonen i budsjettramma knytt til effekt av skulebruksplan/reduksjon i påbyggklassar må difor realiserast som ein generell reduksjon i sektoren.

Den samla økonomiske situasjonen gjer at fylkesdirektøren ikkje finn rom for å gjere omprioriteringar i sektoren for å utvide klassetalet.

Vidare meiner fylkesdirektøren at opplæringstilbudet som er vedteke i PS-sak 15/20 punkt 1, sikrar retten søkarane har til eitt av tre søkte tilbud. 75 % av søkarane til vg1 ville ha fått tilbud om førstevalet sitt, dvs. både ønska utdanningsprogram og skule. 13,5 % ville ha fått tilbud på andre ønske og 5,6 % på tredje ønske. Søkarane kunne sette opp inntil seks skular per ønska utdanningsprogram. På vg1 er kravet til søkarane med ungdomsrett at dei søker tre utdanningsprogram. I Vestland fylkeskommune har søkarane hatt mogelegheit til å søke fire ulike utdanningsprogram. Tal søkarar med tilbud på første ønske er på same nivå som i Hordaland fylkeskommune på same tida våren 2019. I Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde 86% av søkarane fått tilbud om inntak på første ønske på same tidspunkt. Fylkesdirektøren gjer merksam på at prøveinntak er gjort på grunnlag av terminkarakterane, medan inntaket i juli vil vere på grunnlag av standpunktkarakterane.

#### Vedtakskompetanse

Framlegg til vedtak i denne saka er innafor budsjetttramma til sektoren og hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtakskompetanse.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Framlegget til vedtak har ikkje konsekvensar for budsjett 2020 utover det som er omtala i hovudutvalssak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbudet skuleåret 2020/21» punkt 1, vedtak om justeringar i opplæringstilbudet for skuleåret 2020/21 basert på tilbudsstrukturen slik det vart vedteke utlyst i sak PS 11/19 «Opplæringstilbudet for skuleåret 2020-21».

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

#### Konklusjon

Den samla økonomiske situasjonen gjer til at fylkesdirektøren ikkje finn rom for å gjere omprioriteringar i sektoren for å utvide klassetalet. Vidare meiner fylkesdirektøren at opplæringstilbudet som er vedteke i PS-sak 15/20 sikrar retten søkjarane har til eitt av tre søkte tilbud.